

Nordvestpassasjen

Ei moderne ferd i eit polarhistorisk landskap. Del 4

Eg vaknar til ein ivrig diskusjon mellom Jan og Vegard. Dei greier ikkje å bli samde om det blafrar i teltduken eller ikkje. Eg snur meg rundt i soveposen. Eit slikt spørsmålet er berre av akademisk interesse, tenkjer eg, segling blir det uansett ikkje i slikt vær.

Nokre timar seinare og endå fleire kaffikoppar. Det er ikkje ei sky på himmelen. Det er framleis kaldt i lufta, men sola varmar opp teltet. Ute heng solcellepanela og gir straum til batteria. Inne ligg me sjølve på lading og slikkar såra våre etter eit par røffe veker. Først streng kulde med mykje vind. Så mykje slit gjennom vanskeleg is.

Det er eigentleg ganske så greitt å vere polarfarar på ein dag som dette. Me har nett ete sjokoladekaka døtrene til Vegard hadde baka og sendt med oss. Likevel breier det seg ei viss uro i leiren. Det er ein engelsk setter med på laget, og han blir uroleg når han ikkje har framdrift mot målet. «Kva om me møter på meir vanskeleg is i Alexandrastredet», seier han, «kva om det kjem fleire dagar med stille vær». Det er mykje me ikkje har oversikt over, meiner han, og er på veg ut for å sjekke om det er litt rørslé i lufta. «Nei, gutar, me kan ikkje liggje her, me må ut og gå!» Jan lét som han ikkje høyrer kva som blir sagt, og set ei gryte på primusen. Det er på tide med ein skikkeleg lunsj.

Problemstillinga er klassisk når du møter vindstilla på ein skiseglartur. Skal du slite ein heil dag og trekkje dei tunge pulkane nokre få kilometer, eller skal du vente på vind og segle den same distansen på ein time? Vente-og-sjå-posisjonen vinn første runde i diskusjonen. Sjølv ein rastlaus finnmarking kan innsjå at han kan ha godt av ein roleg dag i sola.

ARENDALS STORE POLARSON

Me ligg ved ein av dei sørlegaste holmane på øygruppa Royal Geographical Society Islands, som er endå eit namnehistorisk døme på den store utforskingssinnsatsen britane har lagt ned i desse stroka, kalla opp etter høgborga til den geografiske for-

skinga på 1800-talet. Like ved oss er Markham-stredet, etter den markante sekretæren og presidenten i selskapet gjennom fleire tiår frå 1860-åra. Clements Markham er mellom anna kjend for å ha vore gudfar for Robert Falcon Scott og ekspedisjonane hans til Antarktis.

Varmen i teltet er bra for mykje. For første gong på turen får eg skrive det daglege blogginnlegget i ein ljøs og triveleg atmosfære. Stort sett har det vore hamra ned med kalde fingrar og hovudlykta over tastaturet. Ein dag i teltet gir òg god tid til å prate om historia her i Nordvestpassasjen og nokre av dei eventyra som har utspela seg. Som til dømes om Jens Munk og hans utrullege liv som polarfarar i teneste for kongen i København. I 1609 forliste Munk på veg til Novaja Semlja. Året etter var han igjen på veg nordover, no var målet å finne Nordaustpassasjen. Vanskeleg is stoppa han, men Christian IV hadde polare ambisjonar og såg òg vestover. I 1619 gav han Munk to skuter og den veldige oppgåva å finne Nordvestpassasjen.

Dei segla inn i Hudson Bay, som viste seg å vere ein blindveg. Skutene fraus fast, og vinteren vart eit mareritt, for å seie det forsiktig. Av dei 65 sjøfolka som var med, døydde 62 av skjorbuk. 4. juli 1620 skreiv Munk sitt eige testament. Men han kunne spart blekket. Saman med to andre karar, som ikkje hadde late seg knekke av skjorbukken, greidde han å få laus den eine skuta frå isen. Etter 67 urolege døgn over Atlanterhavet skvulpa dei i land på Vestlandet, tannlause, fillete og med havarert rigg.

Jan er ferdig med grytene. Han smiler litt stolt og er tvillaust imponert over sjømannskunna til Munk og bragda det var å segle skuta attende til Noreg med berre tre mann om bord – «men så var han jo frå Arendal», seier Jan. Med trykk på Æ-en.

Å LEVE AV LANDET

Jan har korkje spart på smøret eller fles-

ket – «det er underlig, hvor lækkersulten man blir paa en ishavstur», skreiv Roald Amundsen då han var her i Nordvestpassasjen. Me nikkar anerkjennande til Jans gryte og attkjennande til Amundsens ord.

Og nettopp mat, eller snarare mangel på mat, er ei gjennomgangssoge under polarhimmelen. Kor mykje måtte du ha med? Kor mykje kunne du skaffe undervegs? Ekspedisjonsleiarar har hatt ulik oppfatning og tilnærming. «Har en først nåd [en] kyst», skreiv Fridtjof Nansen, «må jo et hvert skikkeligt menneske kunne livberge sig ved jagt, enten det blir efter stort eller småt, bjørn eller tanglopper». Det kunne han seie med stort truverd etter sjølv å ha gomla isbjørnkjøt ein vinter på Franz Josef Land, då han og Hjalmar Johansen overlevde i ei sjølvlagd steinhytte under dei kummerlegaste tilhøva du kan tenkje deg. Dei hadde skote nok isbjørn, sel og kvalross til at Nansen la på seg ti kilo under opphaldet.


Me ville neppe vore «skikkeligt menneske» i Nansens auga. No er me ikkje ute for å jakte, men eg kan vanskeleg sjå korleis eg skulle livnært meg her i desse karrige omgjevnadene. Rett nok har me

sett eit par rein og nokre moskusoksar, på lang avstand – og sett relativt ferske isbjørnspor. Men det er eit stykke frå slike observasjonar til mat på fatet. Og det er her me lét oss imponere så gruelig av alle jaktforteljingane frå polarhistoria. Til dømes då Helmer Hansen etter «kort tids jakt» kom attende til «Gjøa» med tretten reinsdyr. «Et ganske smukt resultat for en enkelt mann», måtte Amundsen innrømme. Peder Ristvedt var òg ein dugelig jeger. Ifølgje turkameraten Godfred Hansen hadde Ristvedt lært av inuitane å trekkje hovudet ned mellom akslane og gå sakte mot reinsdyret – «kun bevægende benene fra kneet og nedover». Og sidan han hadde på seg pelsanorakk og -brok, trudde reinsdyra at Ristvedt – som skjulte hovudet og gjekk som eit dyr – var ein av deira egne. Dei heldt difor fram med å ete mose som ingenting hadde hendt ...

Så kan ein spørje – og det er det fleire av oss i teltet, denne vindstille føremiddagen, som gjer – korleis kunne nokre ekspedisjonar leve i overflod av jakt, medan til dømes Franklins menn omkom alle som ein? Sjølv sagt hadde det noko med kor mange munnar som skulle mettast. Det



Jens Munks skip i Hudsonstredet, teikna av Jens Munk sjølv. Til venstre ved Caribu Sound, til høgre i Hare Sound. Frå *Navigatio Septentrionalis*, 1624. Fra Universitetsbiblioteket i Tromsø.





«Har en først nåd kyst, må jo et hvert skikkelig menneske kunne livberge sig ved jakt, enten det blir efter stort eller småt, bjørn eller tanglopper.»

Fridtjof Nansen



kan ha vore enkelte år eller sesongar som var magre og vanskelege. Men det er òg eit spørsmål om kven du tek med deg på tur. Amundsen hadde henta karar med stor røynsle frå jakt og ishavsfangst. Det hadde ikkje britane på deira militære felttokt inn i Arktis.

FUNNET AV «EREBUS»

Vegard har på nytt vore ute og sjekka vinden. Den kraftige lunsjen ligg tungt i magen, men eg finn likevel fram noko tørka reinkjøt me kjøpte av ei gamal kone på gata i Cambridge Bay. Kanskje smaken av Finnmark kan få skilauparen til å gløyme at han eigentleg vil ha oss ut for å trekkje pulk.

Praten går igjen innom det store polare samtaleemnet her borte: funnet av «Erebus». I 2014 fann canadiarane det eine av Franklins to skip – etter intens leiting. Det vart eit verdsnyhende. Men det er hemmeleg kvar funnet vart gjort, sidan styresmaktene er redde uvelkomne skal dykke ned og plyndre vraket. Me har freista, via alle tenkjelege kanalar, å finne posisjonen til funnstad. Ikkje fordi me har tenkt å svømme under isen, men det hadde vore morosamt

å kome dit skipet har lege og irritert dei som i alle desse åra har lurt på kor i allverda Franklins skip vart av. No er gata løyst for «Erebus», sjølv om omverda enno ikkje har fått svaret. Og for alt me veit, her me sit og et tørrkjøt, er me rett over skuta – som berre ligg på 11 meter djupt vatn.

Funnet var tvillaust kjærkome i Canada. «Dette er verkeleg ein historisk augneblink», skreiv dåverande statsminister Stephen Harper i ei pressemelding. Skipet er ein viktig del av canadisk historie, meinte han, og Franklins ekspedisjon «la grunnlaget for Canadas suverenitet i Arktis».

Det var mange som stussa over at statsministeren trekte suverenitetskortet i samband med funnet. Det er ingen som set spørjeteikn ved Canadas råderett over området. Derimot er statusen til Nordvestpassasjen som skipslei eit heitt tema mellom grannane i Nord-Amerika. USA meiner passasjen er eit *strete* i havrettsleg tyding og såleis ope for fri ferdsel. I Ottawa, derimot, er ein tydeleg på at området er eit canadisk innhav – og at canadiarane sjølve, og berre dei, kan avgjera kva som skal tillatast av skipstrafikk.

Det kan verke underleg at ein snart 170

år gamal skipstragedie – og eit vrakfunn – kan få innverknad på dette spørsmålet. Reint juridisk spelar det neppe noka rolle. Likevel er mykje av det som blir gjort og sagt frå offisielt canadisk hald tolka inn i denne striden. Og for styresmaktene har nok tanken vore at di meir aktivitet, merksemd og tydeleg canadisk stempel dei gir Nordvestpassasjen, di sterkare står synet deira i saka, om ikkje faktisk, så de facto, både i det heimlege politiske ordskiftet og internasjonalt.

Eg veit korkje kva som vil skje med vraket eller med dei lause gjenstandane dei tek opp av vatnet. Den finst ein avtale mellom Canada og Storbritannia om at det meste skal bli verande i Canada. Og vonleg gir funnet positive ringverknader for folket her i Nunavut. Franklin-mysteriet har framleis stor draging på folk – og «Erebus» vil heilt sikkert føre til ei auka interesse frå folk som vil kome nærare mysteriet, bokstaveleg tala.

SEGL I SOLNEDGANG

Me hadde kome langt utpå ettermiddagen. Eg hadde nett starta med ei utgreiing om Roald Amundsens vitskaplege ambisjonar

for ferda gjennom Nordvestpassasjen då Vegard skvett opp. «Det blæs! Gutar, det blæs! Dette er vind, nok vind utan tvil. Kom, kom – me må ut og segle.» Dei som nokon gong har vore på tur med Vegard, skjønar kva eg pratar om. Han er entusiastisk når han skal ut. Svært entusiastisk. Og etter å ha lege på lading eit døgn er han særleg klar for å kome i gang. Jan og eg vekslar nokre blikk, men skjønar kjapt at det ikkje er noko anna å gjere enn å pakke saman teltet.

Det vart ein kveld eg seint vil gløyme. Det var i realiteten vindstille. Men me greidde akkurat å få den største draken i lufta. Med ekstra lange liner sveva han i store sirklar 50 meter over hovudet på oss. Der oppe var det kraft nok til å dra oss lydlaust gjennom solnedgangen – i eit lilla-blått kveldsljos eg aldri har sett maken til. Kalde og nøgde slo me leir i måneskinet etter 28 kilometer, i like mange minusgradar.

HARALD DAG JØLLE

Harald Dag Jølle er historikar og forskar ved Norsk Polarinstitutt og fast skribent Dag og Tid.

